

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	11.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/942	17/5817

### Meldingar og referatsaker

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Kontrollutvalet i Radøy, møteutskrift 5. april 2017
- Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval - møtebok 24. april 2017
- Førebuande fellesnemnd - ny kommune - møtebok 24. april 2017

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

#### Kommunestyret i Radøy - 016/2017

##### **KS - handsaming:**

Kunstgras: Silje Namtvedt (SP) reiste utfordringa med gummikuler i kunstgrasbanene. Ho viste til at Meland kommune har sett fokus på miljøutfordringar, og ønskjer at Radøy gjer det same. Namtvedt meiner kommunen må hjelpa idrettslaga med å kvitta seg med materiale som kan vera kreftframkallande.

Ordførar Jon Askeland ønskjer å følgja opp denne saka i formannskapet, der miljøvernansvarleg i kommunen kan orientera om utfordring knytt både til kunstgrasbaner og til bilvrak.

Trafikkproblem: Roy Bø (Frp) reiste spørsmål ved kva kommunen kan gjera for å orden på problema som ein mur kloss i kommunevegen på Mjø skapar for trafikk og trafikktryggleik. Han viste til at bussjåførane ikkje lenger vil kjøra forbi denne muren. Ordførar Jon Askeland ba administrasjonen følgja opp saka.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering.

##### **KS - vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

##### **Vedlegg:**

Møteutskrift Radøy kontrollutval 5\_april\_2017

Møtebok Førebuaude fellesnemnd - partsamansett utval

Møtebok - Førebuaude fellesnemnd - ny kommune - 24.04.2017 (L)(255084)